



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Innkalling til møte i Radøy sokneråd

Tid: 08.03.2016 kl. 18:00 - 20:00
Stad: MANGER KYRKJE, KYRKJESTOVA.

Forfall må meldast snarast.
Varamedlemar møter etter særskilt innkalling.

Meldingar og referatsaker:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Manger kyrkje - nye målingar frå Multiconsult
- Registrering av inventar i kyrkjebyggdatabasen

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Arkivkode
2016/5		(S) Brurestolar til Manger kyrkje	411.0
2016/6		(S) Fjøn fjellkyrkje - val av rådsmedlem	016.0
2016/7		(S) Kyrkjelyden sitt årsmøte	012.1

KYRKJEKONTORET, den 24.02.2016

Gunnar Olav Kartveit
Leiar

Audun Sylta
Sekretær

Radøy sokneråd

2016/5 (S) Brurestolar til Manger kyrkje

UTREDNING

Det har kome førespurnad om soknerådet vil ta imot to brurestolar som Svanhild Grindheim tidlegare har hatt i eige. Det er tenkt at stolane skal brukast i kyrkja på Manger. Stolane treng ein del rehabilitering, og kyrkjeforeinga har sagt seg villege til å dekkja dette arbeidet dersom soknet tek imot gåva.

Manger kyrkje har per i dag 2 brurestolar og 7 tilleggsstolar, som vert nytta av forlovarar og andre i samband med bryllaup. Det er sannsynleg at brurestolane har vore ein del av kyrkjeinventaret sidan ho vart bygd, sjølv om vi ikkje har klart å finne dokumentasjon på dette. Stolane er synlege på gamle arkivbilete av kyrkja. Dei vart oppussa med nye skinntrekk i 2003 som kyrkjeforeininga kosta.

Stilmessig passar dei eksisterande stolane svært godt til kyrkja. Stolryggen gjenspeiglar arkitekturen elles i rommet. Her er det tre felt, med gotisk bue i midten. Denne buen finn vi att i altertavla, glasmåleria framme i koret, i rekkverket til preikestolen og i sjølve kordøra. Desse designelementa forsterkar inntrykket av at stolane er lagde til Manger kyrkje.

Stolane som tilhørde Svanhild Grindheim er svært flotte og forseggjorde. Treskjæringa representerer likevel ein stil som elles ikkje finst i Manger kyrkje. Sjølv etter rehabilitering vil uttrykket ikkje samsvare med det som elles finst av liturgisk inventar i kyrkja.

All utskifting av liturgisk inventar må godkjennast av biskopen. Dette gjeld både nytt inventar, ting som skal takast ut av bruk og gåver. Bispedømet har eit fagråd for kyrkjekunst som kan gje råd og rettleiing i slike saker.

Soknerådet må ta stilling til om stolane passar saman med det øvrige liturgiske utstyret i kyrkja, og kyrkjerommet elles. Dersom rådet ynskjer å søke biskopen om løyve til å bruka stolane i Manger kyrkje, må det utarbeidast ein søknad der desse momenta vert tekne med:

- Kvifor ein ynskjer å erstatte dei opphavlege brurestolane
- Opphavet til dei 'nye' stolane, t.d. kunstar, opphavssted

Sidan Manger kyrkje er listeført, vil Riksantikvaren verta kobla inn for å uttale seg om saka.

INNSTILLING

Rådet takkar for tilbodet om brurestolar til Manger kyrkje. Stolane er svært flotte og forseggjorde, men vi meiner likevel at stilen ikkje harmonerer godt med det øvrige liturgiske utstyret i kyrkja. Ut i frå dette ser rådet seg nøydde til å takka nei til denne flotte gåva.

Radøy sokneråd

2016/6 (S) Fjon fjellkyrkje - val av rådsmedlem

UTREDNING

Alle sokneråd er "medeigarar" i Fjon Fjellkyrkje. Fjon Fjellkyrkje har eit driftsstyre som no vert leia av John Henanger.

Kvart år i mars/april vert det avhalde Rådsmøte (Generalforsamling/Årsmøte) for Fjon Fjellkyrkje. Kvart sokneråd skal velgja ein representant til dette Rådsmøtet. (Sokneråda i Masfjorden vel to) Det bør også velgjast vara.

Representanten skal møta på Rådsmøte ein gong i året. Det er også eit par dugnader. Det hender det vert sendt forespørsel til dei valde representantane, men det er frivillig å vera med på dugnad.

I 2011 vart desse valgt frå Radøy :

Representant til Rådsmøtet: Ludvig Grindheim.

Vara: Gudrun Rikstad og Britt Sissel Kvamme.

Historikk og drift for kyrkja.

Bakgrunn

Idéen til bygginga vart lagt fram på eit soknerådsmøte i Masfjorden våren 1975. Den vart presentert på Prostimøtet på Manger 27.mars 1976. Sokneråda i Masfjorden hadde fått ein tomt frå Alfhild og Henning Haukeland, den skulle nyttast til kyrkjelege formål.

21.10.1978 vart vedtekter for skipnaden "Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter", framlagde og vedtekne på eit møte med representantar frå sokneråda i Nordhordland Prosti. Eit råd med representantar frå alle sokneråda og prestane i prostiet er ansvarlege for verksemda.

Det vart vald eit styre på ni personar, der soknepresten i Masfjorden er fast medlem.

Bygginga

Skærtorsdag 3.april 1980 var det friluftsgudsteneste på tomta og Steinar Ihle la ned grunnsteinen. Han ligg der altarparket er i dag. Sumaren 1980 tok gravearbeidet til. I alt vart det brukt ca. 6000 dugnadstimar på bygginga av kyrkja.

Sundag 16.august 1987 vart kyrkja vigsla av vikarierende Biskop Monstad.

Radøy sokneråd

Fjon i dag

Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter er i dag ein mykje brukt stad. Den vert hovudsakleg brukt til weekendar av ulike lag, organisasjonar, kyrkjelydar og privatpersonar. Det er også fast gudsteneste Skjærtorsdag og Olsokstemne 29.juli.

Økonomien til Fjellkyrkja har vore veldig varierende opp gjennom åra. Kyrkja var gjeldfri 1.april 2004 og sidan har den økonomiske situasjonen ved kyrkja vore stabil. Det er enno mange utfordringar når det gjeld vedlikehald av kyrkja framover. Dei siste åra har det vorte gjort mykje arbeid utvendig og innvendig. Det siste store prosjektet var totalrenovering av kjøkkenet sumaren 2014. Prosjektet hadde ei økonomisk ramme på 450 000 og vart realisert gjennom mykje sponing frå private firma, BKK, Sparebanken Vest, privatpersonar, sokneråd og Masfjorden kommune.

Dei fleste sokneråda i prostiet gjev normalt 1-2 offer årlege til kyrkja, og dette er til stor økonomisk hjelp og bidreg til å halda fram med oppgradering av kyrkja.

Det er ingen tilsette ved kyrkja, så framleis skjer det meste av arbeid på dugnad.

INNSTILLING

Frå Radøy sokn vert desse valgt :

Representant til Rådsmøtet i Fjon fjellkyrkje:

Vara:

2016/7 (S) Kyrkjelyden sitt årsmøte

UTREDNING

Soknerådet gjorde i sak 2016/1 vedtak om å halda årsmøte søndag 13.mars etter gudstenesta.

Det vert servert middag/suppe i samband med møtet for å freista å skape ei betre ramme rundt møtet og vonleg auka frammøtet. Kollekt i samband med måltidet for at ikkje utgiftene skal verta for store.

Årsmelding for 2015 inneheld oversikt over råd og tilsette, statistikk og oversikt over økonomien. Det er også tatt inn avsnitt om arbeid i foreiningane, trusopplæring og kor.

Årsmøtet er ikkje overordna soknerådet med mindre lova krev det, men møtet er likevel eit godt høve for å fremja deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Soknerådet legg fram årsmeldinga for årsmøtet.

INNSTILLING

Framlegg til årsmelding vert lagt fram for årsmøtet.